

KAPITTELPRØVER

Spire

● BLÅ



Kapittelprøver

Oppsummering av måla: Etter kvart kapittel i Spire blå er det ei tekstramme som oppsummerer måla. Læraren bør ta seg tid til å gjennomgå desse måla før kapittelprøvene gjennomførast.

Undervegsvurdering og oppsummering: Kapittelprøvene er tenkt som ei undervegsvurdering og ei oppsummering av kva elevane har jobba med, og kompetansen til eleven skal derfor ikkje bli vurdert som avslutta ut frå svara på kapittelprøvene. Måloppnåinga må sjåast i samanheng med anna arbeid eleven har utført i løpet av perioden.

Kapittelprøvene kan gjennomførast på ulike måtar; munnleg eller skriftleg, individuelt eller i grupper.

Bak i dokumentet er det fasit.

KAPITTELPRØVER

- 1 Mikroorganismar
- 2 Arktis og Antarktisk
- 3 Konstruksjonar
- 4 Universet
- 5 Kroppen
- 6 Fasit

Mikroorganismar

TEST DEG SJØLV

Spire blå side 2–15

Namn: _____

Kan du det?

① Kva for typar mikroorganismar finst det?

② På kva måte smittar mikroorganismane?

③ Kva tyder ordet «mikro»?

④ Kva for ein oppgåve har immunforsvaret?

Teikn og forklar!

Kva skjer når eit virus angrip ei celle i kroppen?

Kryss av rett svar.




Når vi pasteuriserer mjølka, ...

- ... blir ho til fløyte.
- ... døyrr bakteriane i mjølka.
- ... endrar mjølka farge.

Skriv svaret.

Kva heiter dette instrumentet?




Kva brukar ein dette instrumentet til?

Arktis og Antarktis

TEST DEG SJØLV
Spire blå side 16–27

Namn: _____

Kva heiter det?



Fleip eller fakta?

1 Pingvinane lever både i Arktis og Antarktis.
2 Dersom isen på Sørpolen smeltar, stig havet.
3 Ein glasiolog er ekspert på isbjørnar.
4 Det er fastland under isen på Nordpolen.
5 Roald Amundsen var førstemann som klarte å nå Sørpolen.
6 Den eldste isen i Antarktis er 820 000 år gammal.

Fleip Fakta

<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Kva skjer dersom all isen på Nordpolen smeltar?

Kvifor er Golfstraumen så viktig for Noreg?

Teikn eit isfjell. Vis korleis isfjellet fordeler seg over og under havoverflata. Skriv brøken i ruta.



Havoverflate

Slik er brøken:

Konstruksjonar

TEST DEG SJØLV

Spire blå side 28–39

Namn: _____

Kan du det?


① Kva er ein konstruksjon?

② Skriv tre eksempel på ein konstruksjon.


③ Kva er ein bærande konstruksjon?

④ Kva for oppfinning sørga for at vi kunne bygge skyskraparar?

Forklar kva teikninga viser.



Kva for ein funksjon har ein «sluttstein»?



Kva for brutyper kjenner du til?

Vel deg eit kjent byggverk.

Skriv alt du veit om byggverket.

Skriv på baksida av arket.



Namn: _____

Fullfør setningane.

Utviklinga av universet tok til for ... _____

Ein galakse er ... _____

Vår galakse heiter ... _____

Solsystemet vårt vart danna for ... _____

Ordjakt

Finn åtte ord som har med universet å gjere. Skriv orda på linjene.

N	E	B	U	L	A	R	C	S	Ø	F	O
A	S	T	H	S	N	K	U	A	N	B	G
A	C	V	Q	T	I	V	R	T	S	I	A
R	E	L	K	E	V	O	I	E	N	G	S
X	R	Y	A	I	M	K	O	L	F	B	S
U	R	S	R	O	P	T	S	L	E	A	P
O	F	Å	W	U	F	L	I	I	G	N	L
L	E	R	O	E	G	A	T	T	H	G	A
A	T	R	E	T	U	S	Y	T	A	J	N
S	T	E	I	N	P	L	A	N	E	T	E
I	P	E	A	S	T	R	O	N	O	M	T

Steinplanetane heiter:

Gassplanetane heiter:

Kroppen

TEST DEG SJØLV

Spire blå side 52–61


Namn: _____

Kva heiter ledda?

Set strek til rett bilete.



DREIELEDD



KULELEDD

PLANLEDD



HENGSELEDD



SALLEDD

EGGLEDD



Kan du det?

Kryss av rett svar.

Kor mange knoklar har skjelettet vårt?

- 602 knoklar
- 260 knoklar
- 206 knoklar

Kor mange musklar har vi i kroppen?

- ca. 240
- ca. 700
- ca. 900

Kva for muskeltypar har vi?

- 1 _____
- 2 _____
- 3 _____

Kva skjer når du bøyer armen?

Teikn og forklar med eigne ord.

Kva skjer med kroppen når du trenar?

Skriv minst tre faktasetningar.

Du kan òg skrive på baksida av arket.

REDD!?

Grei ut om kva som skjer i kroppen når ein blir skikkeleg redd.

Fasit

Mikroorganismar

Kan du det?

- 1 Bakteriar, virus, sopp
- 2 Dråpesmitte og direkte kontakt
- 3 Mikro (gresk) = veldig liten
- 4 Immunforsvar er kroppen sitt eige forsvar mot sjukdommar.

Teikn og forklar!

Eit virus som kjem inn i kroppen angrip ei celle. Den gjer cella om til ein virusfabrikk. Cella eksploderer når ho er full av nylaga virus. Virus tytt ut i heile kroppen og gjer deg sjuk.

Set kryss på rett svar.

Når vi pasteuriserer mjølka, ...
 ... dør bakteriane i mjølka.

Skriv svaret.

- 1 Mikroskop
- 2 Med eit mikroskop kan vi studere svært små organismar og gjenstandar.

Arktis og Antarktis

Kva heiter det?

- 1 Breiddegrad
- 2 Nordpolen / Arktis
- 3 Sørpolen / Antarktis
- 4 Ekvator

Fleip eller fakt

- 1 Fleip
- 2 Fakta
- 3 Fleip
- 4 Fleip
- 5 Fleip
- 6 Fakta

Kva skjer dersom all isen på Nordpolen smeltar?

Dette skaper problem for dyrelivet. Blant anna vil isbjørnen streve med å finne mat, og vi fryktar at arten kan døyt ut.

Kvifor er Golfstraumen viktig for Noreg?

Den varme havstraumen sytt for at vi har levelege og jemne temperaturar i Noreg.

Isfjell

Ein tidel av isfjellet skjuler seg under havoverflata.
Brøk: 1/10

Konstruksjonar

Kan du det?

- 1 Måten noko er bygd på.
- 2 T.d. sykkel, hus, skip.
- 3 Stødig, tåler trykk og tyngde.
- 4 Stålbjelkar

Forklar kva teikninga viser.

Viser korleis ein trekant-konstruksjon vil fordele trykket jamt og ned mot tverrliggarane som blir strekte.

Kva for ein funksjon har ein 'sluttstein'?

Sluttsteinen sytt for at ein bogekonstruksjon blir stabil. Den fordele trykket jamt ut i bogene på kvar side og ned i bakken.

Brutyper

- 1 Fagverksbru
- 2 Bogebru
- 3 Bjelkebru
- 4 Skråstagsbru
- 5 Hengebr

Universet

Fullfør setningane.

- 1 ...14 milliardar år sidan.
- 2 ... samling av bl.a. stjerner og planetar.
- 3 ... Mjølkevegen.
- 4 ... 4,6 milliardar år sidan.

N	E	B	U	L	A	R	C	S	Ø	F	O
A	S	T	H	S	N	K	U	A	N	B	G
A	C	V	Q	T	I	V	R	T	S	I	A
O	E	L	K	E	O	O	I	E	N	G	S
X	R	Y	A	I	M	K	O	L	F	B	S
U	R	S	R	O	P	T	S	L	E	A	P
O	F	Å	W	U	F	L	I	I	G	N	L
L	E	R	O	E	G	A	T	T	H	G	A
A	T	R	E	T	U	S	Y	T	A	J	N
S	T	E	I	N	P	L	A	N	E	T	E
I	P	E	A	S	T	R	O	N	O	M	T

Steinplanetane heiter:

- 1 Merkur
- 2 Venus
- 3 Jorda (Tellus)
- 4 Mars

Gassplanetane heiter:

- 1 Jupiter
- 2 Saturn
- 3 Uranus
- 4 Neptun

Kroppen

Kva heiter ledda?

Sjå oversikt side 52 i elevboka
Spire blå

Kan du det?

- 206 knoklar
 ca. 700

Muskeltypar

- 1 Hjartemuskel
- 2 Glatte musklar
- 3 Skjelettmusklar

Kva skjer når du bøyer armen?

Muskelen på framsida trekkjer seg saman mens muskelen på baksida blir strekt. Det motsette skjer når ein rettar armen ut.

Kva skjer med kroppen når du trenar?

Hjarte, lunger, skjelett og musklar blir sterkare. Søvnlen blir betre, immunforsvaret blir betre, fordøyinga blir betre. Humøret blir positivt påverka.

Redd?!

Hjartet bankar, adrenalin blir pumpa ut i blodet, håra reiser seg og musklane strammar seg.